


GANGEN I KVOTE- RÅDGIVINGA



Årshjulet viser alt arbeidet som må gjerast før forskarane kjem med sitt kvoteråd. Til slutt er det politikarane som bestemmer kor mykje det er lov å fiska av dei ulike fiskeslaga.

1 DATAINNSAMLING: Forskarane samlar inn informasjon om fiskebestandane frå eigne tokt (fiskeriavhengige data) og frå dei største fiskebåtane (fiskeriavhengige data). Havforskningsinstituttet har ulike tokt til same tid kvart einaste år.

2 BESTANDBURDERING: Forskarane samarbeider med forskarar frå andre land for å estimera storleiken på dei ulike bestandane. Dette skjer i ICES, Det internasjonale råd for havforskning. Metodane i bestandsvurderinga blir reviderte med jamne mellomrom.

3 VITSKAPLEG RÅD: Når forskarane er samde om storleiken på bestanden, utarbeider dei kvoteråd. Dei fleste av bestandane vi fiska på i Noreg er i dag styrt av ein forvaltingsstrategi med ein tilhøyrande haustingsregel. Råda vert gjevne av ACOM (Advisory Committee) – ICES' rådgjevande komité.

4 NASJONALE PROSESSAR: Kvant enkelt land vurderer også råda før dei skal i forhandlingar med andre land.

5 INTERNASJONALE FISKERIFORHANDLINGAR: Mange land delar på fiskebestandane, til dømes fiska både Noreg og Russland på nordaustarktisk torsk. Då må landa bli samde seg i mellom om kor stor kvote kvart land skal få.

6 REGULERINGSMØTE: Kvant land må også fordela kvoten mellom ulike flåtar etc., og bestemma korleis fisket skal skje (i visse periodar, type reiskap etc.). Det meste av dette ligg fast frå år til år, men ein del tilpassingar av reguleringane blir gjort årleg. I Noreg blir dette diskutert på Reguleringsmøtet.

7 KVOTEÅRET BYRJAR: 1. januar veit fiskarane akkurat kor mykje dei kan fiska av dei ulike bestandane det følgjande året.